

Konsentrert og gjevande seminar i Helgheim.

12.02.2017



Røysterett for Alle under seminaret laurdag.

Røysterett for Alle har denne våren ein del nytt stoff, og i tillegg noko stoff som til no ikkje har vorte "banka skikkeleg på plass". Då er eit seminar ein nyttig reiskap for samanhengande mengdetrening. Det er også viktig å ta repetisjonar før ein etter ei veke har gløymt for mykje av det som sat berre halvvegs sist ein øvde på det.

Maria Malmsten var tilretteleggar og hovudinstruktør, og tok oss gjennom alt som var felles, i tillegg til å ha stemmeøving for tenorar og bassar. Ingvild Toskedal hadde jobben som stemmeøvar for damene - noko Venke Vetrhus har stått for på dei fleste av seminara tidlegare.

2,5 timer torsdag, 4,5 timer fredag og 5 timer laurdagen kan vel ta pusten frå nokon kvar, men det har mykje å seia at gjengen er entusiastisk, og at dei som "stirr" med oss, veit korleis dei skal handtera oss. Viktig er det og at me får småpausar innimellom, der me kan drøsa og hekta oss av litt. Den sosiale biten har mykje å seia for korleis det faglege skal fungera. Denne gongen hadde me innlagt ein matpause laurdagen, der "Elins matgleder" hadde sytt for ein svært velsmakande Biff Stroganoff.

24 nøgde songarar har no fått eit grunnlag som gjer det mykje lettare å koma i mål med vårrepertoaren.

Planane for våren er ikkje heilt ferdig lagde enno, men me har kome med ein forhasta uttale: Konserten som var notert til 06.04. er flytt til 27.04. for å unngå å koma for tett på påskekonserten i kyrkja (03.04.). 01.05. skal me synga på eit arrangement på Husnes, og me kjem til å gjennomføra den vanlege 17. mairunden, dersom arrangørane framleis vil ha oss.



Bassar og tenorar.

Tekst: Svein Rimestad

Foto og nett: Thor Inge Døssland